



Ing Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1220 - 17/12322

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
28.04.2017

Førebels svar- trong for tilleggsopplýsning - gbnr 217/78 Romarheim

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.04.2017 .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tomta ligg i området sett av til LNF-føremål. I delingsvedtak i sak 15/2285 er det kun gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel for deling. Søknad om etablering av bustad må difor supplerast med søknad om dispensasjon i frå LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen
2. Det ligg ikkje føre søknad om utslepp. I søknad vert det opplyst at bustaden skal kople seg på eksisterande avlaupsanlegg. Det må sendast inn dokumentasjon på at avlaupsanlegget er dimensjonert for 5 nye PE.

Generelt vert det opplyst at søknad skal sendast inn fyst 2 veker etter at nabuar og gjenbuarar er varsla om tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **19.05.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Endre Romarheim

Romarheimsneset 5994
32

VIKANES

Mottakarar:

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ